

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk, UiB

Dato: onsdag 3. desember 2025

Stad: seminarrom 216, HF-bygget

Til stades

Frå gruppe A: Brita Lotsberg Bryn, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Sigrid Ørevik og Martin Paulsen

Frå gruppe B: Alison Rød

Frå gruppe C: Eleni K. Solstad

Frå gruppe D: Tyler Hanssen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Eirik Hovden viste til at det var nyttig å få innkallinga med i IF-nytt, og møtet i dag burde vore omtala i siste nyhende-brev før møtet.

Instituttleiari opplyste om tre nye orienteringssaker i tillegg til dei som var nemnde i innkallinga: møte med rektoratet, framlegg til fagleg bemanningsplan og tildeling til eit nytt Ukraina-prosjekt.

Innkallinga og saklista vart godkjende.

Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 22. oktober 2025

Referatet vart godkjent.

Sak 3 – Orienteringssaker

- A. Dei nye retningslinjene for programstyret for lærarutdanningane, som var lagt ved innkallinga, blir lagt ut på [nettsidene til instituttet](#). Instituttrådet vedtok dei nye retningslinjene 22.10.25 (sak 4).
- B. Instituttleiari orienterte om tilsetjingssaker ved instituttet:
 - Martin Paulsen er tilsett som instituttleiari for ein ny fireårsperiode, som startar i mars 2026. Hovden spurde om instituttrådsmedlemene syntest dei hadde fått tilstrekkeleg informasjon om prosessen med å tilsetja instituttleiari. Berg Henjum, som òg var vara til innstillingsutvalet i den aktuelle saka, og Uthaug

meinte informasjonen hadde vore som ved tidlegare tilsetjingar av instituttleiar. Hovden presiserte at han ikkje etterspurde meir informasjon enn det ein har fått.

- På DARKLAX-prosjektet er det under tilsetjing ein vitskapleg assistent.
- To attåtstillingar, 20 prosent kvar, er under tilsetjing på vidareutdanninga på spansk (2026-2027).
- Ei femti prosent stilling som undervisningsvikar for Ernesto Seman på spansk er under tilsetjing (2026).

- C. Rektoratet har invitert seg rundt på møte med alle institutta ved Universitetet i Bergen. Møtet med IF var 24. november, og frå instituttet deltok leiargruppa, dosent Benedicte M. Irgens og student Tyler Hanssen. IF presenterte instituttet, særleg arbeidet med å mobilisera til søknader om eksternfinansiering og dei velfungerande studieprogramma på japansk. IF fekk gode tilbakemeldingar frå rektoratet og sat att med eit tydeleg inntrykk av at rektoratet bryr seg om framandspråk. Frå medlemane av instituttrådet kom det spørsmål om instituttet i møtet med rektoratet spesifikt løfta fram t.d. den kritiske stillingssituasjonen på spansk (Ørevik) og ressursbehovet knytt til at språkundervisninga har ein viktig komponent av praktisk innøving (Lotsberg Bryn). Dette vart ikkje spesifikt tematisert i møtet med rektoratet, men instituttet formidla at det var tøft å stå i prosessar der ein skulle omstilla seg samstundes som ein fekk mindre ressursar. Instituttet presiserte òg i møtet med rektoratet at faga våre har mange studentar utanom dei ordinære studieprogramstudentane.
- D. Fakultetsstyret skal vedta revidert fagleg bemanningsplan 9. desember. Fakultetet er i ein krevjande økonomisk situasjon med lite rom for nytilsetjingar. I utkastet til revidert bemanningsplan er det ingen endringar knytt til *forventa* avgangar i vitskaplege stillingar. Men når det gjeld såkalla *uventa* avgangar, dvs. avgangar før oppnådd pensjonsalder, gjer fakultetsleiinga framlegg om at den uventa avgangen på amerikansk litteratur kjem opp til ny vurdering om eit år, og at det i mellomtida vert gitt vikarmidlar til instituttet for våren 2026. Vidare ønskjer dekanatet at den uventa avgangen på kinesisk (50 prosent stilling) blir erstatta sidan utgangspunktet her er øyremerkte midlar frå UiB sentralt til fakultetet. Småfagsordninga vil bli innfasa gjennom at fakultetet finansierer toarstillingar (20 prosent) som overgangsordning fram til tilsetjing i fulle stillingar på dei faga dette gjeld. Ved IF gjeld dette for italienskfaget, som i dag har to, men som skal oppjusterast til tre faste stillingar. Ørevik og Hovden uttrykte at dette var gledelege framlegg for IF.
- E. Instituttleiar orienterte om budsjettet ved fakultetet og situasjonen for driftsbudsjettet ved IF. Sjå elles sak 6 nedanfor om sparetiltak. Fakultetet gjer framlegg om ein hjelpepakke til IF og FoF, som gjev 500 000 kroner i ekstraløyving til driftsbudsjettet ved IF i 2026. Instituttleiar la vekt på at dette samla sett er eit godt budsjettframlegg for IF sin del. Omfordelinga det inneber, vil gjera det realistisk for IF å kunna vedta eit instituttbudsjett i balanse i januar 2026. Budsjettframlegget legg òg opp til at instituttet kan rekna med å få lysa ut to nye ph.d.-stillingar i 2026 (av totalt ti slike stillingar til disposisjon ved heile HF i 2026). Det blir lagt fram ei sak på neste instituttrådsmøte der instituttleiinga gjer framlegg om kva område IF skal lysa ut ph.d.-stillingane innanfor. Utgangspunktet vil vera dei seks prioriterte områda instituttet fremja for fakultetet i budsjettbrevet sommaren 2025.
- F. Instituttet ved Ingunn Lunde har fått nesten 3 millionar i støtte frå HK-direktoratet til utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod innanfor ukrainsk. Tanken er å utvikla eit parallelt nettbasert emne til det nye emnet *Ukraina: historie, samfunn, litteratur* (10 stp), nye nettbaserte emne av liknande omfang og dessutan fleire mikroemne på 2.5 studiepoeng kvart. Berg Henjum spurde om dei nye kursa skal gå inn i eller eventuelt

plasserast på sida av det eksisterande tilbodet på russiskfaget, og om programstyret for russisk skal ha ansvaret for Ukraina-emna. Instituttleiari understreika at det vil vere ulikt for dei ulike studietilboda, men at det generelt er nokre uklårheitarr når det gjeld den fagleg-administrative forankringa av slike studietilbod. Instituttleiinga vil leggja fram ei sak for instituttrådet om forankringa av dei nettbaserte vidareutdanningstilboda, slik som dei nye Ukraina-emna og det eksisterande tilbodet på Nettarabisk.

Sak 4 – Strategiplanar for faga ved instituttet

Instituttleiari var glad for dei interessante framlegga til strategiplanar som var komne inn frå faga. Han peikte på nokre mindre justeringar som burde gjerast: strategiplanen for kinesisk bør vera på norsk, som dei andre planane, spørsmålet om tilsetjing av ein namngitt medarbeidar bør ikkje stå i planen (franskfaget) og for arabiskfaget vil det gjerne vera strategisk å leggja inn noko om den faglege innretninga på ei eventuelt ny førstestillinga.

Ørevik syntest planane på ein god måte synleggjorde det faglege arbeidet som blir gjort med forskning og undervisning på faga. Det er òg bra at kvart fagmiljø har autonomi i å uttrykka fagstrategien utan å bli tvinga inn i ein fast mal for korleis strategiplanen skal sjå ut.

Lotsberg Bryn spurde om det var rom for å oppdatera strategiplanane i treårsperioden.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet godkjenner dei framlagde strategiplanane med dei justeringane instituttleiari nemnde om planane for kinesisk- og franskfaget. Planane vil bli reviderte i første instituttrådsmøte kvart år frå og med 2027.

Sak 5 – Evaluering av ARK-prosessen og HMS-arbeidet ved instituttet i 2025

Instituttleiinga presenterte rapporten. Berg Henjum syntest rapporten var ei fin oppsummering, men peikte på at årstalet må rettast til 2025 i omtalen av «spørjeundersøkinga ved instituttet hausten 2024» (jf. 2. Oversikt over arbeidet i 2025 – ei tidslinje). Han presiserte samstundes at det omtala møtet utan instituttleiinga var klarert og avtala med instituttleiinga, og at det er meir dekkjande å kalla det eit «uformelt møte» enn eit «uformelt allmøte» (jf. 3. Oppfølging av tilsetjingssaka).

Tiltaka i evalueringa skal innarbeidast i HMS-planen og HMS-arbeidet framover.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek rapporten om ARK-prosessen og HMS-arbeidet ved instituttet til vitende med dei justeringane som kom i møtet.

Instituttrådet vart under denne saka òg invitert til å evaluera instituttkonferansen i november. Lotsberg Bryn syntest det var veldig kjekt og lærerikt å få med seg sesjonen om japanskfaget, og det var fint å få innblikk i kva forskargruppene driv med. Utbyttet av konferansen var stort, meinte ho, og Berg-Henjum slutta seg til. Han peikte på at kollegane kjem nærare kvarandre gjennom eit slikt arrangement. Solstad hadde fått tilbakemeldingar om at det var interessant å sjå kor ulike faga er. Instituttleiari gav ros til instituttrådet for den gode jobben som vart gjort med programmet for konferansen.

Sak 6 – Økonomiske sparetiltak ved instituttet

Uthaug orienterte om driftsbudsjettet dei neste åra. Utgangspunktet var at instituttet risikerte eit sprik på i overkant av to millionar mellom løyvingar og inntekter på den eine sida og forventa utgifter på den andre sida i 2026. På slutten av hausten har biletet likevel betra seg ein del: Vi forventar større overføringar frå 2025 til 2026, dekanatet har gjort framlegg om ei eingongsstøtte som vil koma m.a. IF til gode, og vi har fått positiv klarering av vikarmidlar/overgangsordningar knytt til eit par stillingar. Instituttet må likevel redusera utgiftene på driftsbudsjettet i 2026, og endå meir i 2027, understreka Uthaug. Instituttrådet skal vedta driftsbudsjett for 2026 på møtet i januar, og instituttrådet vart invitert til å drøfta dei skisserte sparetiltaka som ein del av førebuinga av budsjettet.

Hovden spurde om utsiktene for åra som kjem etter 2027. Instituttleiar viste til at IF jobbar aktivt med å betra inntektssida. Tilslag på nye eksternfinansierte prosjekt vil gje inntekter til driftsbudsjettet, og tiltak på studiesida kan få positive følgjer for resultatmidlane våre. Hovden syntest det var bra at denne optimismen er til stades, men peikte samstundes på at svingingane i budsjettet får eit litt ad-hoc-preg. Uthaug viste til kriteriet gjennomføring på normert tid gjev store utslag i driftsbudsjettet og er eit «labilt» element som IF blir ramma av i 2026.

Fleire var kritiske til framlegget om å gå over frå to til ein sensor. Lotsberg Bryn meinte ei slik omlegging i realiteten ville avskaffa den «blinde» sensuren på enkelte emne, t.d. emne med mappevurdering, slik at sensoren ville vita kven kandidatane var. Skal dette bli ei varig ordning, må vi i alle fall gå gjennom emneplanane våre. Ørevik støtta synspunkta til Lotsberg Bryn og peikte på at det kan utvikla seg ulike standardar i karaktersetjing dersom vi fjernar ekstern sensor. Solstad meinte at nokre av utfordringane kan løysast administrativt. Hovden delte uroa over ei endring i sensorbruken, og spurde om IF kunne enda opp med å velja ordningar som er heilt annleis samanlikna med andre institutt. Uthaug viste til at AHKR hadde redusert frå to til ein sensor der det var mogleg. Han meinte òg det var viktig å vurdere kva som var den beste bruken av undervisningsressursane våre og at ei omlegging til berre éin sensor ville frigjere ressursar tilsvarande undervisningsdelen i to førstestillingar. Lotsberg Bryn peikte på at det kunne vera lettare å gå med på eit slikt tiltak dersom det t.d. berre var ei prøveordning for ein toårsperiode. Instituttleiar viste òg til dei 1541 årlege timane som kan sparast gjennom å fjerna internt sensurarbeid: Burde vi heller gjort desse timane tilgjengelege for undervisning i staden for sensurarbeid? Samstundes var han samd i at vi treng ein diskusjon om det av faglege grunnar kan vera ekstra viktig å halda fram med tosensor-ordningar på enkelte emne.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef